



Inga Merete Hjelmeland
Håkonshellaveien 137 F
5174 MATHOPEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/219 - 17/13407

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
10.05.2017

Utsleppsløyve for hytte - gbnr 121/10 Knarvik

Administrativt vedtak. Saknr: 215/17

Tiltakshavar: Inga Merete Hjelmeland og Trond Hjelmeland

Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for gnr. gbnr 217/28. Storleiken til utsleppet er opplyst til 6 pe, og det skal koplant til eksisterande leidning til sjø.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.03.2017 og komplettert 21.04.2016.

Plassering

Plassering og påkopling er vist i kart datert 19.04.2017, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Reinsekrav

Eigedomen ligg i eit område der det er krav til slamavskiljar ved utslepp til sjø, etter forureiningsforskrifta kapittel 12.

Planstatus

Eigedomen ligg i LNF-område med høve til spreidd bustadbygging i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2. Det har ikkje komme merknader til søknaden

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast delvis på tiltakshavar si eiga tomt og delvis på eigedomen gbnr. 121/5, der avløpet skal koplast til eksisterande felles sjøleidning Det ligg føre samtykke til plassering av slamavskiljar og røyr på gbnr 217/1 og avtale om legging av leidning, tilkopling til utsleppsleidning og framtidig vedlikehald.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Gbnr. 121/26 fekk utsleppsløyve 04.09.73 i samband med frådelling av tomt. Ved bygging på gbnr 121/38 vart eigar pålagt å forlenga leidningen. Det er fleire eigedommar som er tilkopla, men desse er ikkje spesifisert i søknaden.

Drift og vedlikehald

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Eigedommane skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga.


Naudsynte slamavskiljar skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga, jf Forskrift for slamtømming. Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Nye anlegg som ikkje oppfyller krava til tilkomst/avstand/høgdeplassering vert ikkje godkjent.

Johny Birkeland Transport AS

som utfører slamtømming for kommunen, har gjeve uttale:



VURDERING

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med innsendt situasjonsplan.

Reinsekrav

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø . Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsomt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at det er kjøreveg dimensjonert for slamtømmebil og at anlegget kan gå inn i den ordinære tømmeordninga og ikkje medføra ekstrakostnader i samband med slamtømming.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa § 8 – 12 i naturmangfaldlova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå fylkesmannen i Hordaland.

Godkjenning etter anna lovverk

Etablering av anlegget krev at det vert gitt løyve til tiltaket etter reglane i plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak for utføring av anlegget etter plan- og bygningslova vert handsama i eiga sak når søknad er motteken.

Vedtak

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå fritidsbustad via slamavskiljar til sjø på følgjande vilkår:

1) Utsleppet skal førast i tett og nedgraven leidning inn på eksisterande felles utsleppsleidning som tidlegare er godkjent ført til sjø og ut på djupt vatn.

2) Erklæring om tilknytning og ansvar frå eigarane av gbnr 121/26, 121/38 og 121/10 skal tinglysast på alle tre eigedommane.

3) Slamavskiljaren skal vera av godkjent type, og plasserast slik at han kan tømmeast innafor den ordinære kommunale slamtømmeordninga, i samsvar med forskrift for slamtømming, godkjent av kommunestyret 24.06.2004.

4) Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

5) Eigedomen skal knytast til offentleg avløpsleidning eller anna større fellesanlegg dersom slike vert etablert i området og kommunen set krav om det.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda ifrå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar eller målsett situasjonsplan skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å føra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 17/219**

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Inga Merete Hjelmeland
Trond Hjelmeland

Håkonshellaveien 137 F
Stasjonsvegen 21 D

5174
5221

MATHOPEN
NESTTUN